



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 22.06.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00 - 15:00

Møte starta med generalforsamling i Einekavane AS.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Willy Borge	Frp	Janne Judith K. Sandnes
Bjarte Dyrkolbotn	H	Bjarte Andvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
038/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/2016	Godkjenning av møtebok
040/2016	Kommunereforma - endeleg avgjerd
041/2016	Nye statuttar og ny driftsavtale NKR
042/2016	Nytt reglement for klassesetuar 10. klasse
043/2016	Høyringsfråsegn til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017-2030
044/2016	Ledig 100% stilling vaksenopplæring - framandspråklege
045/2016	Drøfting av revidert planmaterieil for reguleringsplan Risnes tomteområde
046/2016	Kommunal deltaking i samband med utbygging av Ervikneset
047/2016	Kommunal deltaking i utbygging av Giljane bustadfelt - utviding mot nord
048/2016	Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2016 - 2020
049/2016	Val av jordskiftemeddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020
050/2016	Val av kandidatar til skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020
051/2016	Val av lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020
052/2016	Val av meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020 - Tingretten
053/2016	Økonomisk rapportering 1. tertial 2016
054/2016	Budsjettrevidering 2016
055/2016	Rammer for årsbudsjett 2017 og handlingsplan med økonomiplan 2017 - 2020
056/2016	Referatsak

Grunngjeve spørsmål frå Wenche Daae (Sp)

Masfjorden senterparti meiner det er viktig at alle barna i kommunen vår lærer seg tidleg å bli gode svømmarar. I følgje Kunnskapsløftet og læreplanene i kroppsøving står det punkt om kva kompetansemål elevane skal kunne nå:

Kompetansemål etter 4. klasse

- *Mål for opplæringa er at eleven skal kunne*
 - *vere svømmedyktig ved å falle uti på djupt vatn, svømme 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg); så svømme 100 meter på rygg og ta seg opp på land*

Kompetansemål etter 7. trinn

- *Mål for opplæringa er at eleven skal kunne*
 - *utføre grunnleggjande teknikkar i svømming på magen, på ryggen, på sida, under vatn, og kunne berge seg sjølv i vatn*

Kompetansemål etter 10. trinn

- *Mål for opplæringa er at eleven skal kunne*
 - *utføre varierte og effektive svømmeteknikkar over og under vatn*
 - *symje ein lengre distanse basert på eige målsetjing*
 - *forklare og utføre livberging i vatn*

Då blir Sp sine spørsmål:

Korleis legg dei ulike skulane opp til at elevane skal nå desse måla og korleis kan ein sikre seg at elevane ved Nordbygda og Sandnes skule får tilfredsstillande svømmeopplæring?

Rådgevar for kultur og oppvekst Alf Strand svara:

Rådmannen har ikkje oversikt over dette feltet men reknar med at skulane føl kompetansemåla i dette faget på lik linje med dei andre faga.

Skulen legg opp til svømming med skuleborna opp til 4.klasse slik at kompetansemålet vert oppnådd. I tillegg har ein tilbod om svømming innan idrettsskulen.

Vidare oppfølging i 7.kl og 10.kl er rådmannen usikker på. Det er ikkje ekstra løyvingar til skyss frå Sandnes og Nordbygda.

Daae bad om å få ei oversikt over korleis kompetansemåla vert oppnådd og ordførar lova å følgje opp dette.

Grunngjeve spørsmål frå Willy Borge (FrP)

- Kva er status på vegen mellom kaien og Grendahuset på Solheim? Denne ser ut til å vere i ferd med å rase ut. Har tidlegare hatt kontakt med Harald Midtbø som skulle sjå på dette.
- Kva er status for ein ekstra fartsdump i Skjelsundet, slik at sikkerheita vert ivaretatt for alle husa? Dette har tidlegare vore etterspurt.
- Vegen på Sandnes er utvida for å bygga breiare veg + gang / sykkelsti. Er massene frå denne utvidinga sikra slik at massen kan nyttast til veg ned til bustadfeltet Ervikneset?

Roald Kvingedal svara:

- teknisk etat ser på saka
- fastdump kjem på plass neste veke

Ordførar svar:

- Det er to prosjekteigarar (statens vegvesen og kommunen) og dei nyttar forskjellige entreprenørar slik at det var ikkje mogeleg å sikre massane til lokal begbyggingvedlikehald av denne vegen kjem i seinare sak

Interpellasjon frå Bjørn Egil Nordland (Ap)

I sak 025/2015 vart det gjord fylgjande vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å styrka spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar. Målsettinga med dett er å redusere behandlingstida for dei som har behov for dette, samt å oppnå betre bruk av kompetanse på rettleiing og kartlegging. Dette skal gjerast ved å bruke kompetanseutviklingsplan for skulane og Plan for strategisk kompetansestyring.

Dette skal evaluerast om eit år.

Grunngjeving: Kommunestyret har tidlegare fått signal om det er for lang ventetid på PPT. Lang ventetid for unge som har eit behov, kan føre til konsekvensar som kommunen ikkje ynskjer.

Som vedtaket seier skulle det her vera ei evaluering etter eitt år. Er denne evalueringa gjort og kva var i så tilfelle resultatet?

Rådgjevar for kultur og oppvekst Alf Strand svara:

Me har ikkje kome så langt at me har hatt noko grundig evaluering enno. Spes.ped arbeid er jamnleg tema på rektor - og styrarmøte, slik at skuleeigar er orientert. Me har bede om og fått tilbakemelding frå rektorar og styrarar no ved slutten av skuleåret.

Sidan vedtaket vart gjort har 1 lærar gjennomført vidareutdanning i spes.ped (30 studiepoeng).

Me har tilsett 1 person med 60 studiepoeng i spes.ped i barnehage.

Dialogen mellom skulane / barnehagane og PPT har utvikla seg positivt.

Nordland bad om oversikt / evaluering og ordførar lova å følgje opp dette. Sak med evaluering til kommunestyremøte i september.

Tove Kristin Sleire Tistel orienterte om satsinga deira Inn på Tunet.

Willy Borge (FrP) spurte om kvifor det var naudsynt med vatningsforbod for abonnentar knytt til Masfjorden vassverk. Fungerande teknisk sjef Roald Kvingedal svarte at vatning med hageslange over tid førte til at ein fekk problem med å fylle opp høgdebassenga på Sandnes og Hosteland.

038/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Sak 045/2016 vert trekt frå sakslista etter innspel frå tiltakshavar.

Det vart gjort framlegg om Atle Nordland (H) og Arthur Sjursen (Ap) til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 038/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

039/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 039/2016 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyret 28.04.16 vert godkjend.

040/2016: Kommunereforma - endeleg avgjerd

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 055/2016 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 040/2016 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune

041/2016: Nye statuttar og ny driftsavtale NKR

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjever for kultur og oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 060/2016 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjever for kultur og oppvekst Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 041/2016 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.

042/2016: Nytt reglement for klassesetuarar 10. klasse

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar for kultur og oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Geir Egil Haugsvær (Sp) la fram eit nytt framlegg til vedtak:

Formannskapet meiner det ikkje er naudsynt med nytt reglement. Vedtak KS -083/09 treng ikkje fornyast.

Grunngjeving:

Rådmannen sine argument er tid, kostnad og gratisprinsippet.

Når reisa blir lagt til etter munnleg eksamen er det ingen undervisningstid som går vekk. Det er lite undervisning og vanleg skule på avgangsklassen i det tidsrommet, dei er ofte ikkje tilstades på skulen i det heile. Skulane kan i følge gjeldande reglement seie at planlegging ikkje skal føregå i skuletida dersom dette tek for mykje undervisningstid. På de andre sida kan planlegging av reisa kan også brukast i undervisning. Blir turen bestilt gjennom t.d Aktive fredstreiser eller Dei kvite bussane er det ikkje behov for å bruke undervisningstid på planlegging. Det er opp til kvar enkelt lærar om dei vil bruke tid på planlegging eller ikkje. Sidan dei ikkje kan påleggast dette arbeidet, kan dette ikkje vere noko problem.

Det er ikkje heimel for å pålegge ein lærar å reise på tur. Der kontaktlærar ikkje ynskjer eller har anledning til å reise er det kanskje andre lærarar som kan og vil ta turen. Dette er ikkje eit argument for å fjerne klassesetuarane. Det er ofte fleire foreldre som er med på turane, men det er synd om ikkje læraren som kanskje har fulgt elevane i fleire år skal får tilbod om å delta på ein avslutningstur. I tillegg til dei kommunane som rådgjevar listar opp, arrangerer også Gulen og Modalen klassesetuarar. Dette er kommunar som er naturleg for Masfjorden å samanlikne seg med.

Når det gjeld gratisprinsippet så arbeider klassane hardt for å samle inn pengar til turen. Det ligg mykje dugnad bak, og dette er også svært nyttig lærdom for ungdommane. Det står i saksframlegget at dugnadsarbeidet og kravet om lommepengar kan bli ei belastning for einskilde foreldre, og dersom foreldra arrangerer turane vil dette ikkje lenger vere eit dilemma for skulane. Dette synes Senterpartiet er ei ansvarsfråskrivning av kommunen som skuleeigar og skulane. Det vil truleg bli eit større press på foreldre med trong økonomi dersom det er foreldregruppa som skal arrangere turane. Då gjeld ikkje gratisprinsippet lenger, og fleirtalet i gruppa kan vedta ei stor eigenbetaling. Skulane vil i dei fleste tilfelle kjenne til den økonomiske situasjonen i heimane, og vil kunne ta grep for å hindre denne belastninga.

FAU ved Matre og Nordbygda skule ynskjer å behalde ordninga slik ho er i dag. FAU ved Sandnes skule ynskjer å behalde ei ordning tilnærma same form som i dag, men ynskjer å gjennomføre turen tidleg på hausten. Elevrådet ved Nordbygda skule vil behalde dagens ordning og det same

vedtaket er gjort i elevrådet på Matre skule. Dette viser at det er stor motstand mot å endre praksis.

Gjeldande vedtak seier at elevane, foreldra og skulen skal vere samde om ein eventuell klasseset. Klassekasse og tidsbruk set rammene for turen. Her ligg tid og gratisprinsippet inne. Det som då gjenstår er kostnaden til ekstra godtgjersle til medfølgande lærar. Når det gjeld kostnaden med turane har rådgjevar komme med ei utrekning som viser ei utgift i reine lønskostnader på 19950,- for å sende ein lærar på tur i 5 dagar. Dette er det ikkje budsjettet med. Sidan klassesetane har vore ei årleg utgift i mange år bør det sjølvstakt leggst inn i budsjettet. Summen er ein svært liten del av skulebudsjettet, men som gjev mykje att både til elevane og læraren.

Å styrke samhaldet i ei ungdomsgruppe på denne måten kan vere ei investering i framtida. Gode minner og gode vener veg tungt på vektskåla når framtidig bustad skal velgast. Når kommunen no har råd til å støtte ein liten utvald del av ungdommane i kommunen som skal på NorwayCup, burde det ikkje vere noko problem å oppretthalde skuleturane som kjem alle ungdommane til gode.

Senterpartiet ynskjer å behalde dagens ordning med skuleturar i skuletida.

Røysting

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart tilrådd til kommunestyre mot ei røyst (Sp).

FS - 059/2016 VEDTAK:

Den gjeldande ordninga med klasseset for 10. klasse i skuletida vert avvikla. Avsluttande klasseset for 10. klasse vert heretter arrangert av foreldra i ein ferie eller etter munnleg eksamen. Den nye ordninga vil gjelda frå og med det årskullet som går i 7. klasse 2015/16.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar for kultur og oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Atle Nordland (H) støttar ordninga slik ho har vore med eventuelle presiseringar.

Willy Borge (FrP) støttar ordninga slik ho har vore.

Geir Egil Haugsvær (Sp) opprettheld eige forslag frå formannskapsmøte:

Kommunestyret meiner det ikkje er naudsynt med nytt reglement. Vedtak KS-083/09 treng ikkje fornyast.

Egil Kvingedal (V) støttar ordninga slik ho har vore.

Arthur Sjursen (Ap) støttar ordninga slik ho har vore.

Torill Torsvik Sjursen (Ap) støttar framlegg frå formannskapet.

Bjørn Egil Nordland (Ap) støttar framlegg frå formannskapet men meiner at viss fleirtalet i kommunestyret støttar ordninga slik ho har vore, må reglementet oppatt som ny sak og skuletur må inn

i skulen sine planar.

Frode Langhelle (H) seier at fleirtalet i Høgre si gruppe støttar ordninga slik ho har vore.

Røysting:

Framlegget til vedtak frå formannskapet og framlegg frå Sp vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå Sp vart vedteke mot 6 (Krf, 2 frå Ap (Bjørn Egil Nordland og Torill Torsvik Størkersen) og 2 får H (Karstein Totland og Frode Langhelle) røyster.

KS - 042/2016 VEDTAK:

Kommunestyret meiner det ikkje er naudsynt med nytt reglement. Vedtak KS-083/09 treng ikkje fornyast.

043/2016: Høyringsfråsegn til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017-2030

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommunestyre sender følgjande høyringsfråsegn til Hordaland fylkeskommune:

Masfjorden kommunestyre har merka seg at Hordaland fylkeskommune i framlegget til ny skulebruksplan går inn for å leggja ned Austrheim vidaregåande skule. Masfjorden kommunestyre er sterkt usamd i dette framlegget. Austrheim vidaregåande skule er viktig for elevane frå Masfjorden. Elevane som går der, kan bu heime medan dei går på vidaregåande. Dersom skulen blir lagt ned, vil dei elevane våre som soknar til skulen få så lang skuleveg at dei må flytta på hybel. Skulen er òg ein viktig samarbeidspart for næringslivet i nordre delen av Nordhordland og på nordsida av Fensfjorden. Det lokale næringslivet har god bruk for den kompetansen som skulen kan gje, og elevane får god kjennskap til og eit godt tilhøve til næringslivet. Dette vil vera veikting for framtida. Både ut frå omsyn til elevane, til dagens næringsliv på begge sider av Fensfjorden og vidare utvikling der, meiner Masfjorden kommunestyre at det er viktig å oppretthalda Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommunestyre reagerer vidare på at det er lagt opp til berre 963 elevplassar i Nordhordland, medan elevtalsprognosen viser vekst til 1300 elevar. Me kan ikkje godta at Austrheim vidaregåande skule vert lagt ned og at studietilbod vert flytta frå Knarvik vidaregåande til Åsane.

Masfjorden kommunestyre meiner vidare at det må bli gitt tilbod om utdanningsprogrammet musikk, dans og drama i Nordhordland.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

John Torsvik (H) bad om regionrådet si formulering om at TAF Knarvik må oppretthaldast vert innarbeidd i høyringsfråsegna:

Nordhordland er ein føregangsregion innan TAF og yrkesfag. Me har eit særst godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og dei vidaregåande skulane, noko som også viser att i mange læreplassar. TAF blir ikkje nemnt med eit ord i skulebruksplanen, i dag går vel 200 elevar på dette tilbodet på 4 ulike utdanningsprogram på Knarvik VGS. Me meiner dette tilbodet må oppretthaldast og utviklast, og at tilbodet må kome tydeleg fram som eit eige utdanningstilbod.

Arthur Sjursen (Ap) la fram følgjande framlegg til tillegg:

Sjølv om myndigheitene har prøvd å setja inn ulike tiltak for å få ned fråfallet i vidaregåande skule, ligg dette framleis på rundt 30 %. Me veit at ei av dei viktigaste årsakene til at elevar droppar ut av vidaregåande skule, er at dei får psykiske problem, m.a. av di dei ikkje taklar å bu på hybel. Det er berekna at ein elev som fell ut av vidaregåande, kostar samfunnet i snitt 10 - 12 millionar kroner. Ved den storstilte sentraliseringa av vidaregåande skule som fylkeskommunen no legg opp til, vil monaleg fleire elevar både i Masfjorden og i andre distriktskommunar, måtte flytta på hybel. Det verste er sjølvst at dette er eit spel med framtida til ungdommane våre, men den samfunnsøkonomiske rekneskapen kan og lett gå i minus.

Røysting:

Framlegg til vedtak med tillegg frå H og Ap vart samrøystes vedteke.

KS - 043/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre sender følgjande høyringsfråsegn til Hordaland fylkeskommune:

Masfjorden kommunestyre har merka seg at Hordaland fylkeskommune i framlegget til ny skulebruksplan går inn for å leggja ned Austrheim vidaregåande skule. Masfjorden kommunestyre er sterkt usamd i dette framlegget. Austrheim vidaregåande skule er viktig for elevane frå Masfjorden. Elevane som går der, kan bu heime medan dei går på vidaregåande. Dersom skulen blir lagt ned, vil dei elevane våre som soknar til skulen få så lang skuleveg at dei må flytta på hybel. Skulen er òg ein viktig samarbeidspart for næringslivet i nordre delen av Nordhordland og på nordsida av Fensfjorden. Det lokale næringslivet har god bruk for den kompetansen som skulen kan gje, og elevane får god kjennskap til og eit godt tilhøve til næringslivet. Dette vil vera viktig for framtida. Både ut frå omsyn til elevane, til dagens næringsliv på begge sider av Fensfjorden og vidare utvikling der, meiner Masfjorden kommunestyre at det er viktig å oppretthalda Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommunestyre reagerer vidare på at det er lagt opp til berre 963 elevplassar i Nordhordland, medan elevtalsprognosen viser vekst til 1300 elevar. Me kan ikkje godta at Austrheim vidaregåande skule vert lagt ned og at studietilbod vert flytta frå Knarvik vidaregåande til Åsane.

Nordhordland er ein føregangsregion innan TAF og yrkesfag. Me har eit særst godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og dei vidaregåande skulane, noko som også viser att i mange læreplassar. TAF blir ikkje nemnt med eit ord i skulebruksplanen, i dag går vel 200 elevar på dette tilbodet på 4 ulike utdanningsprogram på Knarvik VGS. Me meiner dette tilbodet må oppretthaldast og utviklast, og at tilbodet må kome tydeleg fram som eit eige utdanningstilbod. Sjølv om myndigheitene har prøvd å setja inn ulike tiltak for å få ned fråfallet i vidaregåande skule, ligg dette framleis på rundt 30 %. Me veit at ei av dei viktigaste årsakene til at elevar droppar ut av vidaregåande skule, er at dei får psykiske problem, m.a. av di dei ikkje taklar å bu på hybel. Det er berekna at ein elev som fell ut av vidaregåande, kostar samfunnet i snitt 10 - 12 millionar kroner. Ved den storstilte sentraliseringa av vidaregåande skule som fylkeskommunen no legg opp til, vil monaleg fleire elevar både i Masfjorden og i andre distriktskommunar, måtte flytta på hybel. Det verste er sjølvsagt at dette er eit spel med framtida til ungdommane våre, men den samfunnsøkonomiske rekneskapen kan og lett gå i minus.

Masfjorden kommunestyre meiner vidare at det må bli gitt tilbod om utdanningsprogrammet musikk, dans og drama i Nordhordland.

044/2016: Ledig 100% stilling voksenopplæring - framandspråklege

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune samlar voksenopplæring ein stad i kommunen, på Matre.

Masfjorden kommune tilset lærar i fast 100% stilling ved voksenopplæringa.

Administrasjonsressursen vert tillagt ein av dei to stillingane i voksenopplæringa.

14.06.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

AU - 009/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune samlar voksenopplæring ein stad i kommunen, på Matre.

Masfjorden kommune tilset lærar i fast 100% stilling ved voksenopplæringa.

Administrasjonsressursen vert tillagt ein av dei to stillingane i voksenopplæringa.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om følgjande endring i framlegg til vedtak:

... ein stad i kommunen, for tida på Matre.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet med tillegget frå kommunestyret vart samrøystes vedteke.

KS - 044/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune samlar voksenopplæring ein stad i kommunen, for tida på Matre.

Masfjorden kommune tilset lærar i fast 100% stilling ved voksenopplæringa.

Administrasjonsressursen vert tillagt ein av dei to stillingane i voksenopplæringa.

045/2016: Drøfting av revidert planmaterieil for reguleringsplan Risnes tomteområde

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune avviser planframlegget slik det ligg føre. Det vert vist til innsendt planmaterieil med revidert plankart og planskildring og føresegner av 31.03.2016.

Nytt planmaterieil må sendast inn før det vert ny handsaming i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10, og då med mellom anna følgjande arealendringar på plass:

- Småbåthamna og boder til naustføremål vert lokalisert til eit fellesanlegg i BUN2 og BSB1.
- BUN2/BSB2 vert regulert til friluftsføremål.
- Hyttedelfelta BFF1, BFF9, BFF10 og BFF16, samt dei to sørlegaste tomtene i BFF5 går ut og vert erstatta med friluftsføremål.
- Eksisterande hyttetomter må få definerte byggjegranser avgrensa rundt eksisterande bygg.

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ass.rådmann Sveinung Toft gjorde merksam på at det var skrivefeil i første kulepkt. Det skal stå

..... lokalisert til eit fellesanlegg i **BUN1** og BSB1

Framlegg til vedtak med retting frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 066/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune avviser planframlegget slik det ligg føre. Det vert vist til innsendt planmaterieil med revidert plankart og planskildring og føresegner av 31.03.2016.

Nytt planmaterieil må sendast inn før det vert ny handsaming i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10, og då med mellom anna følgjande arealendringar på plass:

- Småbåthamna og boder til naustføremål vert lokalisert til eit fellesanlegg i BUN1 og BSB1.
- BUN2/BSB2 vert regulert til friluftsføremål.
- Hyttedelfelta BFF1, BFF9, BFF10 og BFF16, samt dei to sørlegaste tomtene i BFF5 går ut og vert erstatta med friluftsføremål.
- Eksisterande hyttetomter må få definerte byggjegranser avgrensa rundt eksisterande bygg.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Saka vart trekt av tiltakshavar.

KS - 045/2016 VEDTAK:

Saka vart trekt.

046/2016: Kommunal deltaking i samband med utbygging av Ervikneset

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen får fullmakt til å utforme utbyggingsavtale som medfører kommunal forskottering på inntil krone 1.480.462,- inkl mva. og rett til å krevje tilbakebetaling frå andre eigedomar som får nytte av anlegga i framtida.

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 067/2016 VEDTAK:

Rådmannen får fullmakt til å utforme utbyggingsavtale som medfører kommunal forskottering på inntil krone 1.480.462,- inkl mva. og rett til å krevje tilbakebetaling frå andre eigedomar som får nytte av anlegga i framtida.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 046/2016 VEDTAK:

Rådmannen får fullmakt til å utforme utbyggingsavtale som medfører kommunal forskottering på inntil krone 1.480.462,- inkl mva. og rett til å krevje tilbakebetaling frå andre eigedomar som får nytte av anlegga i framtida.

047/2016: Kommunal deltaking i utbygging av Giljane bustadfelt - utviding mot nord

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune tek på seg byggingen av vassleidningsgrøft langs kommunevegen til det nye bustadfeltet Giljane utviding. Det vert løyvd inntil krone 800.000,- over investeringsbudsjettet - bustadføremål.

Andre kostnader knytt til straumframføring, avlaup og fellesveggar m.v. må takast av utbyggjar.

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 068/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune tek på seg byggingen av vassleidningsgrøft langs kommunevegen til det nye bustadfeltet Giljane utviding. Det vert løyvd inntil krone 800.000,- over investeringsbudsjettet - bustadføremål.

Andre kostnader knytt til straumframføring, avlaup og fellesveggar m.v. må takast av utbyggjar.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Frode Langhelle (H) la fram følgjande tillegg til framlegg til vedtak:

Utbyggjar kan kome tilbake med søknad om etableringstilskot med bakgrunn i ein utbyggingsplan.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tillegget frå H vart samrøystes vedteke.

KS - 047/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune tek på seg byggingen av vassleidningsgrøft langs kommunevegen til det nye bustadfeltet Giljane utviding. Det vert løyvd inntil krone 800.000,- over investeringsbudsjettet - bustadføremål.

Andre kostnader knytt til straumframføring, avlaup og fellesveggar m.v. må takast av utbyggjar. Utbyggjar kan kome tilbake med søknad om etableringstilskot med bakgrunn i ein utbyggingsplan.

048/2016: Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2016 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til bustadpolitisk plan av 03.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 069/2016 VEDTAK:

Framlegg til bustadpolitisk plan av 03.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 048/2016 VEDTAK:

Framlegg til bustadpolitisk plan av 03.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

049/2016: Val av jordskiftemeddommarar til Nord- og Midhordland jordskifterett for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Rådmannen sitt framlegg:

Meddommarar til jordskifterettene for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

-
-
-
-
-
-
-
-
-
-

31.05.2016 VALNEMNDA

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Jordskifteretten:

Frode Lasse Vågseth, Bjørn Egil Nordland, Hans Daae, Ivar Duesund, Harry Daae, Ørjan Daae, Helge Andvik, Gunnar Andvik.

Kari Areklett, Grethe Haugsvær, Tove Kristin Sleire Tistel, Britt Sværen Daae, May Wenche Lilletvedt, Laila Haukeland, Tone Knappskog, Lillian Haukeland.

VA - 004/2016 VEDTAK:

Meddommarar til jordskifterettene for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Kari Areklett
- Grethe Haugsvær
- Tove Kristin Sleire Tistel
- Frode Lasse Vågseth
- Bjørn Egil Nordland
- Hans Daae

- Britt Sværen Daae
- May Wenche Lilletvedt
- Laila Haukeland
- Tone Knappskog
- Lillian Haukeland
- Ivar Duesund
- Harry Daae
- Ørjan Daae
- Helge Andvik
- Gunnar Andvik

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Rådmannen gjorde merksam på at det var skrivefeil i framlegg til vedtak frå valnemnda. Lillian Haukeland skal vere Lillian Haugsdal.

Framlegg til vedtak frå valnemnda med rettinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS - 049/2016 VEDTAK:

Meddommarar til jordskifteretten for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Kari Areklett
 - Grethe Haugsvær
 - Tove Kristin Sleire Tistel
 - Britt Sværen Daae
 - May Wenche Lilletvedt
 - Laila Haukeland
 - Tone Knappskog
 - Lillian Haugsdal
 - Frode Lasse Vågseth
 - Bjørn Egil Nordland
 - Hans Daae
 - Ivar Duesund
 - Harry Daae
 - Ørjan Daae
 - Helge Andvik
 - Gunnar Andvik
-

050/2016: Val av kandidatar til skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Rådmannen sitt framlegg:

Kandidatar til skjønnsmedlemmer frå Masfjorden kommune for perioden 01.01.2017 -31.12.2020 er:

-
-
-

Rådmannen innhenter dei kravde opplysningane om dei valde kandidatane før oversending av vedtaket til fylkeskommunen.

31.05.2016 VALNEMNDA

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Skjønnsmenn:

Olav Kåre Tverberg

Evelyn Birkeland

Arnold Andvik

VA - 005/2016 VEDTAK:

Kandidatar til skjønnsmedlemmer frå Masfjorden kommune for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020 er:

- Olav Kåre Tverberg
- Evelyn Birkeland
- Arnold Andvik

Rådmannen innhenter dei kravde opplysningane om dei valde kandidatane før oversending av vedtaket til fylkeskommunen.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 050/2016 VEDTAK:

Kandidatar til skjønnsmedlemmer frå Masfjorden kommune for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020 er:

- Olav Kåre Tverberg
- Evelyn Birkeland
- Arnold Andvik

Rådmannen innhenter dei kravde opplysningane om dei valde kandidatane før oversending av vedtaket til fylkeskommunen.

051/2016: Val av lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Rådmannen sitt framlegg:

Lagrettemedlemmer / meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

-
-

31.05.2016 VALNEMNDA

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Gulating Lagmannsrett:

Liv Oda Dale

Sigmund Holmaas

VA - 002/2016 VEDTAK:

Lagrettemedlemmer / meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Liv Oda Dale
- Sigmund Holmaas

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 051/2016 VEDTAK:

Lagrettemedlemmer / meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Liv Oda Dale
 - Sigmund Holmaas
-

052/2016: Val av meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020 - Tingretten

Rådmannen sitt framlegg:

Meddommarar til Nordhordland tingrett for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

-
-
-
-

31.05.2016 VALNEMNDA

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Nordhordland Tingrett:

Willy Borge

Arne Berg

Britt Nordland

Sigrun Karin Kjetland Andvik

VA - 003/2016 VEDTAK:

Meddommarar til Nordhordland tingrett for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Willy Borge
- Arne Berg
- Britt Nordland
- Sigrun Karin Kjetland Andvik

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 052/2016 VEDTAK:

Meddommarar til Nordhordland tingrett for perioden 01.01.2017. – 31.12.2020 er:

- Willy Borge
 - Arne Berg
 - Britt Nordland
 - Sigrun Karin Kjetland Andvik
-

053/2016: Økonomisk rapportering 1. tertial 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Økonomisk rapportering 1. tertial 2016 vert teken til vitring.

14.06.2016 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Økonomisjef Kristian Moen møtte til denne saka og gjekk gjennom rapporteringsdokumentet for 1.tertial.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 071/2016 VEDTAK:

Økonomisk rapportering 1. tertial 2016 vert teken til vitring.

22.06.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

